

LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
Postboks 8007 Dep
0030 OSLODato: 27.01.2017
Vår ref.: 2016/1856-3
Saksbehandlar: heilars
Dykkar ref.:

Rapport til LMD på bruk av kompetansemidler i landbruket 2016

Arbeid, organisering og samhandling

Tildeling av midlane overført til Hordaland fylkeskommune skjer etter søknadsfrist to gonger i året. Søknadene handsamas av ein komité samansett av representantar frå Hordaland fylkeskommune ved både regional- og opplæringsavdelinga, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling. Dei leverar ei tilråding til Hordaland fylkeskommune ved Regionaldirektør på korleis midlane skal fordelast. Samansetninga i komiteen sikrar samordning med andre regionale satsingar og midlar.

Innspel til jordbruksforhandlingane

Hordaland fylkeskommune har levert innspel til jordbruksforhandlingane 2016. Innspela er sendt Landbruks- og matdepartementet. Fylkeskommunen har samla relevante aktørar, og koordinert innspela som har kome i drøftingane før politisk handsaming. Fråsegna har blitt handsama politisk gjennom fylkesutvalet.

Rapportering 2016

Tilskotsmidlar til rekruttering, likestilling og kompetansemidler i landbruket				
Fylkeskommune	Tildelt 2016	Innvilget 2016	Overført fra 2015	Ansvar per 31/12-16
Hordaland fylkeskommune	1.200.000	1.368.000	0	2.994.000

Per 31.12.2016 er det prosjekt for totalt 2 994 00 kr som har fått tilsegn og som ikkje er avslutta.

Tildelte midlar for 2016

I 2016 var det 15 søkjarar som ble tildelt midlar for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket av Hordaland fylkeskommune. Tabellen under syner tittel på prosjekta, namn på søker, samt kor mykje dei fikk i stønad. Tidlegare tilsegn som ikkje er blitt gjennomført er trekt inn og lagt til i 2016 potten. Difor er ramma større enn tildelte 1,2 millionar. Nesten halvparten av dei tildelte midlane går til agronom- og gartnarutdanning for vaksne. Agronom og gartnar utdanning for vaksne er prosjekt som har lykkast, tilboda er ettertrakta, gjennomførings tala er gode, resultatata frå dei som tek utdanning er gode, tilboda kjem heile fylket til gode og dei som tek utdanninga bidreg positivt til næringa. Vår erfaring er at dei fleste prosjekt som får tildeling frå midla til rekruttering og kompetanse i landbruket blir gjennomført som planlagt og bidreg positivt til heving av kompetanse og lønnsemd i landbruket. Sjølv om midlane er forholdsvis små er dei ettertrakta og gjer gode resultat.

Tittel	Søker	Innvilga
Kompetanseheving i frukt for nye og erfarne	Norsk Fruktrådgeving Hardanger	138 000
NLR Dynamisk Strategi	Norsk Landbruksrådgeving Hordaland	64 000
NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2016	Hordaland Sau og Geit	150 000
Hovudprosjekt 4H-gard i vekst	4H Hordaland, 4H SogF, 4H Rogaland, 4H MogR	100 000
Strategisk nærings- og produksjonsutvikling 2016	Norsk Landbruksrådgeving Hordaland	65 000
Nettbasert agronomkurs Vg2 2016-17	Stend vidaregåande skule	113 000
Nettbasert agronomkurs Vg3 2016-17	Stend vidaregåande skule	113 000
Kurs i pølselaging	Meland kommune	11 000
Gartnarutdanning på deltid skuleår 2016-17	Hjeltnes vidaregåande skule	330 000
Kurs for nye grønnsak- og urtedyrkarar	Norsk Landbruksrådgeving Hordaland	18 000
Kurs for 'Smaken av Nordhordland'	Nordhordland Utviklingsselskap IKS	15 000
Grovfôr i pluss, Nordhordaland, 2016	Norsk Landbruksrådgeving Hordaland	75 000
NLR Dynamisk Strategi	Norsk Landbruksrådgeving Vest SA	64 000
Oppgradering og digitalisering av Landbruksspillet	Studieforbundet Næring og Samfunn Nordenfjeldske	40 000
Kurs i storfekjøttproduksjon med ammeku	Norsk Landbruksrådgeving Vest SA	72 000
Totalt		1 368 000

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.